



NVE - Konsesjonsavdelinga

Vår dato: 18.08.2017

Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLOVårt ref.: 201400027-21  
041/AO

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

**SØKNAD OM KONSESJON FOR BYGGING AV TRONTVEITÅNA KRAFTVERK**

Vest-Telemark Kraftlag AS ynskjer å nytte vassfallet i Trontveitåa, vassdragsnr: 019.F211 i Nissedal kommune i Telemark fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

**1. Etter Vannressursloven, § 8, om løyve til:**

- å bygge Trontveitåa kraftverk (1,3 MW / 3,8 GWh) mellom kote 445 og 251.

**2. Etter energiloven om løyve til:**

- bygging og drift av Trontveitåa kraftverk, med tilhørende koplingsanlegg og nettilkopling som skildra i søknaden.

Nødvendige opplysninger om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing.

Med helsing

VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS

Ketil Kvaale  
Adm.direktør  
Aslak Ofte  
Sakshandsamar  
Energisjef



VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS



---

Konsesjonssøknad  
Trontveitåa Kraftverk  
August 2017

---

## **Samandrag**

Trontveitåa Kraftverk er eit planlagt kraftverk i Trontveitgrenda på vestsida av Nisser om lag 12 km nord for kommunesenteret Treungen i Nissedal Kommune i Telemark.

Nedslagsfeltet er på 13,93 km<sup>2</sup>. Kraftverket vil nytte nedslagsfeltet 019.F211 vest for Åkretjønna. Det søkjast om å utnytte fallet frå kote ca. 445 ned til kote ca. 251 rett før FV 514 ved Nisser, noko som gjev 194 m fallhøgde. Frå utløpet av kraftstasjonen vil vatnet bli ført ut i elva.

Det vil bli bygd eit inntaksarrangement i Trontveitåa om lag 350 meter nedstrøms Åkretjønna. Trykkrøret på 60 cm i diameter vil bli nedgrave heile vegen mellom inntaket og kraftstasjonen (1600 m). Rørtraseen er lagt på nordsida av elva. Kraftstasjonen vil vera ein betong-/trebygning tilpassa lokal byggeskikk og utført med gode støydempande tiltak. Installert effekt vil vera 1,3 MW med ein stipulert årsproduksjon på 3,7 GWh. Det er lagt inn i planen slepp av minstevassføring på 10 l/s, noko som er likt berekna alminneleg lågvassføring. Kraftverket vil bli direkte tilkopla distribusjonsnettet i bygda via ein 600 meter lang 22 kV jordkabel. Nettselskapet treng ikkje forsterke distribusjonsnettet.

Det er i dag eit lite kraftverk (110 kW), Trontveit kraftverk, i elva som nytta noko av vatnet mellom kote ca. 395 og kote ca. 305. Dette kraftverket vil bli fjerna når Trontveitåa Kraftverk kjem i drift. Det er VTK som eig dette i dag. Elvestrekninga elles blir i dag i liten grad nytta. Ein eigedom har brønn i nærleiken av elva, men denne vil bli erstatta med eit borehol.

Elvestrekninga er også kartlagd med omsyn på biologisk mangfold og området er undersøkt med omsyn på kulturminne. Det er ikkje funne raudlisteartar på strekninga, men naturtypen bekkekloft er registrert med lokal verdi (verdi C). Det er lite spor etter kulturminne. Samla konsekvens for biologisk mangfold er vurdert som liten/ middels negativ.

VTK har også vurdert andre utbyggingsalternativ. Både å gå lenger opp med inntaket (til Åkretjønna) og vurdert ein annan trasé for trykkrøret. Alternativa har blitt vurdert i høve til ymse faktorar; - miljø, økonomi, driftstilhøve m. m.. Det alternativet me søker om er totalt sett det beste. Trykkrøret vil bli nedgrave og etter ei tid vil traseen bli lite synleg i terrenget. Alternativet med inntak høgare opp i elva (ved Åkretjønna) fall bort på grunn av høge kostnader for inntaksdam og ei relativt dyr tilleggslengde for røyret.

Samla sett er ei utbygging av Trontveitåa Kraftverk tvillaust meir til gagn enn skade og på dette grunnlag søker VTK om løyve til å nytte Trontveitåa til kraftproduksjon.

# Innhald

1 Innleiing .....	5
1.1 Om søkeren.....	5
1.2 Grunngjeving for tiltaket .....	5
1.3 Geografisk plassering av tiltaket.....	5
1.4 Skildring av området med vassdraget og landskapet omkring.....	5
1.5 Eksisterande inngrep .....	6
1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag .....	6
2 Omtale av tiltaket .....	6
2.1 Hovuddata .....	6
2.1.1 Trontveitå Kraftverk, hovuddata: .....	6
2.1.2 Trontveitå kraftverk, elektriske anlegg:.....	8
2.2 Teknisk plan for det søkte alternativ .....	8
2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av kraftverket).....	8
2.2.2 Overføringer.....	12
2.2.3 Reguleringsmagasin .....	12
2.2.4 Inntak .....	12
2.2.5 Vassveg .....	12
2.2.6 Kraftstasjon.....	12
2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket .....	12
2.2.8 Vegbygging.....	12
2.2.9 Massetak og deponi.....	12
2.2.10 Nettilknyting (kraftliner/kablar) .....	13
2.3 Kostnadsoverslag .....	13
2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket .....	14
2.4.1 Fordeler.....	14
2.4.2 Ulemper .....	14
2.5 Arealbruk og egedomsforhold .....	14
2.5.1 Arealbruk .....	14
2.5.2 Egedomsforhold.....	14
2.6 Tilhøvet til offentlege planer og nasjonale føringer .....	15
2.6.1 Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.....	15
2.6.2 Kommuneplanar .....	15
2.6.3 Verneplan for vassdrag .....	15

2.6.4 Nasjonale laksevassdrag .....	15
2.6.5 Ev. andre planar eller beskytta område.....	15
2.6.6 EUs vassdirektiv .....	15
2.7 Alternative utbyggingsløysingar .....	15
2.7.1 Inntak i Åkretjønna.....	15
2.7.2 Røyrtrasé på sørsida av elva .....	15
2.7.3 Kraftstasjon med utløp direkte i Nisser .....	16
3 Verknader for miljø, naturressursar og samfunn .....	16
3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga) .....	16
3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima.....	16
3.3 Grunnvatn.....	17
3.4 Ras, flaum og erosjon .....	17
3.5 Raudlisteartar .....	17
3.6 Terrestrisk miljø .....	17
3.7 Akvatisk miljø.....	18
3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag .....	18
3.9 Konsekvensar for landskapet.....	18
3.10 Kulturminne og kulturmiljø.....	18
3.11 Reindrift .....	18
3.12 Jord- og skogressursar .....	18
3.13 Ferskvassressursar .....	19
3.14 Brukarinteresser .....	19
3.15 Samfunnsmessige verknader.....	19
3.16 Kraftliner .....	19
3.17 Dam og trykkrør .....	19
3.18 Alternative utbyggingsløysingar .....	19
3.19 Samla vurdering .....	20
3.20 Samla belastning .....	20
4 Avbøtande tiltak .....	21
5 Referansar og grunnlagsdata.....	21
6 Vedlegg til søknaden.....	21

# 1 Innleiing

## 1.1 Om sokjaren

Sokjaren er Vest-Telemark Kraftlag AS (VTK) org.nr 955 996 836.

VTK er frå før medeigar i Skafså Kraftverk ANS (67 %), Sundsbarm Kraftverk DA (8,5%) og Grunnåi Kraftverk AS (15%). Gjennom desse selskapa disponerer VTK ca. 240 GWh/ år. I tillegg har VTK fått konsesjon på Lårdal kraftverk og Heibøåi kraftverk. Det siste gjennom eit 100 % eigd datterselskap. Lårdal og Heibøåi er så langt ikkje påbyrja. Målet med dette tiltaket er å produsere elektrisk kraft. VTK har inngått avtale med fall- og grunneigarane (jfr. vedlegg 5).

VTK har hovudkontor i Høydalsmo i Tokke kommune og eit sonekontor i Treungen, 12 km frå planlagt kraftverk.

## 1.2 Grunngjeving for tiltaket

Utbygging av kraftverk i Trontveitåa vil gje ei årleg midlare kraftmengde på 3,7 GWh, noko som svarar til forbruket til 185 husstandar. Kraftverket vil gje eit produksjonsbidrag til VTK og føre til positive ringverknadar for Trontveitgrenda.

## 1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Trontveitåa Kraftverk skal byggast i Trontveitgrenda som ligg på vestsida av Nisser om lag 12 km nord for Treungen i Nissedal kommune i Telemark. Kraftstasjonen vil ligge rett inn for FV 514, Fjonevegen, med eigen innkøyrslsle frå denne. Inntaket vil ligge ca. 350 meter nedstrøms Åkretjønna. Vassdraget har sitt nedslagsfelt på vestsida av Åkretjønna (451 moh) og renn ut i Nisser (245 moh) 250 meter etter kraftstasjonen. I NVE sitt system har det vassdragsnummer 019.F211. Sjå vedlagde kart (vedlegg 1 A,B og C). Det er også utført ein dronevideo av kraftverket frå kraftstasjonen til inntaket. Denne kan sjåast på <https://vimeo.com/229679127/a16ac5c071>

## 1.4 Skildring av området med vassdraget og landskapet omkring

Grenda Trontveit ligg 12 km nord for tettstaden Treungen på vestsida av Nisser om lag halvvegs mellom Treungen og Fjone. Det er eit aktivt gardsbruk og nokre hus med fast busetnad. Elles er det eigedomar med bruk av utmarksressursar. Det er eit attraktivt hytteområde mellom Treungen og Fjone.

Området hører til landskapsregion 12: Dal og fjellbygdene i Telemark og Aust-Agder; Underregion Nisser/ Vråvatn ([www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no)).

Trontveitåa\* kjem frå Åkretjønna og har til å begynne med ikkje så stort fall. Her er det granskog på begge sider, vesentleg av yngre alder (hogstklasse III). Vidare nedover blir fallet større, og her er det ei markert bekkekløft eller juv med til dels loddrette bergveggar på nordsida av elva og ikkje fullt så bratt på sørsida. Bekkekløfta endar litt nedanfor ein foss. I juvet er det mykje store blokkar i bekken. Frå kraftstasjonen (eksisterande Trontveit kraftverk om lag halvvegs mellom Åkretjønna og Nisser) og nedover er fallet mindre og elva har her også enkelte hølar og kulpar. Elva kryssar Fjonevegen, FV 514, ved Trontveit bru og renn i eit elvedelta ut i Nisser.

\*Namnet på elva har

fleire skrivemåtar i dei forskjellige kartkjelder: Trontveitåna, Trontveitåni og Trontveitåa. Det er valgt å skrive Trontveitåa både på elva og på namnet på det omsøkte kraftverket sidan elva lokalt blir kalla Trontveitåa. Dette vil også skilje kraftverket frå det eksisterande Trontveit kraftverk.

## **1.5 Eksisterande inngrep**

Som nemnd tidlegare er det eit mindre kraftverk i elva. Dette vil bli teke ut av drift og fjerna når Trontveitåa Kraftverk kjem i drift. Røygata ligg oppå bakken. Inntaket er ein liten betongdam og kraftstasjonen er ein mindre trebygning på betongfundament, sjå også vedlegg 4 utarbeidd av Faun Naturforvaltning. Alt dette vil bli ført tilbake til «naturleg tilstand».

Fra Åkretjønna og ned til Trontveitgrenda er det ein skogsbilveg. Fra inntaket til Trontveitåa Kraftverk vil rørtraséen fylge skogbilvegen ned til dyrka mark. Denne vil få minst like god standard etter utbygginga.

I nedre del av rørtraséen er det dyrka mark og i skogen ned til kraftstasjonen ein traktortrasé. Røyret vil bli grave ned slik at arealet etterpå kan brukast som før. Traktortraséen vil bli oppgradert til traktorveg.

## **1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag**

Trontveitåa er hydrologisk vurdert opp mot 5 nærliggjande målestasjonar: Austenå, Kilåi bru, Grytå, Bjønntjønn og Gravå. (sjå også vedlegg 3, side 6). 4 av stasjonane ligg i rimeleg nærleik til Trontveitåa og 1 stasjon noko lengre borte.

Alle stasjonane er gode samanlikningsfelt med Trontveitåa. Dei ligg i nærområdet, har liknande høgde og topografiske tilhøve og har gode registreringsdata.

I tillegg til dette er det gjeve konsesjon til Støyldalen og Klovefoss kraftverk i nabovassdraget Håtveitåi, nord for Trontveitåa. Håtveitåi er også eit godt samanlikningsfelt med Trontveitåa slik at nedbørssfeltet er godt dokumentert.

# **2 Omtale av tiltaket**

## **2.1 Hovuddata**

### *2.1.1 Trontveitåa Kraftverk, hovuddata:*

TILSIG		
Nedbørfelt *	Km2	13,93
Årleg tilsig til inntaket	Mill. m <sup>3</sup>	11,4
Spesifikk avrenning	l/s/km <sup>2</sup>	26,0
Middelvassføring	l/s	362
Alminneleg lågvassføring (l/s)	l/s	10
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	7

5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	25
Restvassføring **	l/s	57
<b>KRAFTVERK</b>		
Inntak	moh.	445
Magasinvolum	m <sup>3</sup>	1000
Avløp	moh.	251
Lengde på råka elvestrekning	m	1800
Brutto fallhøgd	m	194
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m <sup>3</sup>	0,43
Slukeevne, maks	l/s	781
Slukeevne, min	l/s	20
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	10
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	10
Tilløpsrøyr, diameter	mm	600
Tilløpsrøyr, lengde	m	1600
Installert effekt, maks	MW	1,3
Brukstid	timar	2850
<b>PRODUKSJON***</b>		
Produksjon, vinter (1/10-30/4)	GWh	2,3
Produksjon, summar (1/5-30/9)	GWh	1,4
Produksjon, årleg middel	GWh	3,7
<b>ØKONOMI</b>		
Utbyggingskostnad, sjå punkt 2.3	mill.kr	18,4
Utbyggingspris, sjå punkt 2.3	Kr/kWh	4,94

\* Totalt nedbørfelt, inkl. overføringer, som nyttast i kraftverket

\*\* restfeltet sin middlevassføring like oppstraums kraftstasjonen.

\*\*\* Netto produksjon der føreslege minstevassføring er trekt fra

## 2.1.2 Trontveitåa kraftverk, elektriske anlegg:

GENERATOR		
Yting	MVA	1,5
Spanning	kV	1,0
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	1,6
Omsetning	kV/kV	1,0 / 22
NETTILNYTING (kraftlinjer/kablar)		
Lengd	m	600
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		jordkabel

## 2.2 Teknisk plan for det søkte alternativ

### 2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av kraftverket)

Nedbørfeltet til inntakspunktet i Trontveitåa er lokalisert i Nissedal kommune i Telemark fylke. Inntaket er planlagt 350 meter nedstrøms Åkretjønna i Trontveitåa og utløpet ligg i Trontveitåa rett før fylkesveg 514 Fjonevegen ved Nisser.

Planlagt regulert nedbørsfelt er berekna til 13,93 km<sup>2</sup> ved inntaket på 445 m.o.h. Nedbørsfeltet strekker seg opp til 921 m.o.h. Feltet består av skog, myr og snaufjell, men har også flere vann og tjønnar. Restfeltet mellom inntaket og utløpet er på 2,67 km<sup>2</sup>. Dette feltet strekker seg opp til 817 m.o.h og er i hovedsak skog.



Nedbørsfelt for Trontveitåa.

Detaljer for inntaksfeltet og restfeltet er vist i desse tabellane:

Tabell 1 Nedbørfeltparametere

NAVN	Areal	Innsjø	Myr	Snaufjell	Skog	Minste Høyde	Midlere Høyde	Max Høyde
	km <sup>2</sup>	%	%	%	%	(m.o.h.)	(m.o.h.)	(m.o.h.)
Inntaksfelt, Trontveit	13.93	8.5	3.5	20.3	62.1	445	640	921
Restfelt, mellom inntak og utløp	2.67	0	0.4	0	93.5	251	532	817

Tabell 2 Avrenningsparametere


NAVN	Areal i km <sup>2</sup>	Spesifikk avrenning 1961-1990 i l/s/km <sup>2</sup> NVEs avrenningskart	Midlere avrenning i mm pr. år	Q <sub>mid</sub> i m <sup>3</sup> /s 1961-1990
Inntaksfelt, Trontveit	13.93	24.3	766	0.34
Restfelt, mellom inntak og utløp	2.67	19.4	612	0.05

Det pågår ingen observasjoner av avløpet i nedbørfeltet. Det er difor nytta andre avløpsstasjonar for å berekne tilsiget til Trontveitåa. Fire stasjonar innan rimeleg nærleik og ein stasjon noko lengre borte har vore vurdert som grunnlag. Tabell over stasjonane og kart over plassering er vist under:

Stasj.-nr	Navn	Feltstørrelse (km <sup>2</sup> )	Minste høyde i m.o.h.	Midlere høyde i m.o.h.	Max høyde i m.o.h.	Innsjø %	Skog %	Bre %	Snaufjell %	Uregulert Serielengde
	Trontveit kr.verk	13.93	445	640	921	8.5	62.1	0	20.3	
	Restfelt Trontveit	2.67	251	532	817	0	93.5	0	0	
20.2	Austenå	276.4	228	763	1146	11.9	61.9	0	18.5	1924-d.d.
19.73	Kilåi Bru	64.4	320	666	921	9.1	54.5	0	11.3	1968-d.d.*
19.78	Grytå	18.7	634	791	1003	14.6	51.2	0	28.3	1981-d.d.**
16.189	Bjørntjønn	34.7	526	733	1021	5.2	86.1	0	0.6	1991-d.d.
19.79	Gravå	6.31	359	671	1064	0.3	74.3	0	13.3	1970-d.d.

\*Mangler år 2007

\*\*Dataserien inneholder noen hull




Av dei fem stasjonane som er vurderte som avløpsstasjonar, er vassmerke 19.73 Kilå bru vald som grunnlag for tilsig til Trontveitåa. Vassmerket 19.73 Kilå bru er om lag 3 gonger så stort som feltet til Trontveit, men feltparametrane er samanliknbare. Snaufjellsprosenten er mindre, medan innsjøprosenten er samanliknbar. Det er likevel anteke liknande hydrologisk respons. Stasjonen har data frå 1968 og fram til og med 2016, men manglar data for 2007. Dei andre stasjonane har blitt brukt som kvalitetssikring av Kilå bru. Meir detaljerte vurderingar av målestasjonane for å representere Trontveitåa er vist i vedlegg 3.


Resultatet av vurderingane av dei hydrologiske parametrane er vist i tabellar og kurver under, sjå også vedlegg 3:

Stasjon/nedbørfelt	Feltstørrelse (km <sup>2</sup> )	Midlere spesifikk avrenning 1961-1990 (NVEs avrenningskart)	Midlere spesifikk avrenning 1960-2016 (Tilsigsserie)	Største tilgjengelige tilsig (m <sup>3</sup> /s)	Midlere tilgjengelig tilsig (m <sup>3</sup> /s)	Minste tilgjengelige tilsig (m <sup>3</sup> /s)
Trontveit	13.93	24.3	26.0	7.7	0.4	0.001


Stasjon/nedbørfelt	Felt- størrelse (km <sup>2</sup> )	Minsle tilgjengelige tilsig (m <sup>3</sup> /s)	Alminnelig lavvannføring <sup>1</sup> (m <sup>3</sup> /s) (Verdier fra NVE- lavvannskart i kursiv)	5-Persentil for sommersesongen (1.5 – 30.9) (Verdier fra NVE- lavvannskart i kursiv)	5-Persentil for vintersesongen (1.10 – 30.4) (Verdier fra NVE- lavvannskart i kursiv)
Trontveit	13.93	0.001	0.01 (0.01)	0.006 (0.01)	0.025 (0.03)




Vassføring i Trontveitåa før utbygging.



Varighetskurve, slukeevne med inntekna grense for omsøkt slukeevne og sum lågare.



Årsmiddelvassføring frå 1960 – 2016 i Trontveitåa



Månadsmiddelvassføring før og etter utbygging

## *2.2.2 Overføringar*

Ingen

## *2.2.3 Reguleringsmagasin*

Ingen.

## *2.2.4 Inntak*

Det vil bli bygd inntaksdam på kote 445 av typen «Coandarist» 350 meter nedstraums Åkretjønna. Eit fotoeksempel på løysing ligg vedlagt (vedlegg 6). Dammen vil bli ca 20 meter lang og ha ei største høgde på 2 m. Den aktive delen med inntaksrist vil bli 6 meter. Neddemt areal er mindre enn 1 daa i høve til normal flaumsituasjon.

## *2.2.5 Vassveg*

Rørtraséen vil ha ei lengde på 1600 m med nedgrave rør heile vegen mellom inntaket og kraftstasjonen (vedlegg 2). Rørtraséen vil vera 5 m brei. I anleggsfasen er det rekna at rørtraséen vil vera gjennomsnittleg 10 meter, men kan vera inntil 20 m brei. Etter anleggsperioden vil rørtraséen bli pussa opp og ført tilbake til «førtilstanden» så langt det er mogeleg. Etter ei totalvurdering av mange faktorar (topografi, bonitet, miljø m. fl.) er røygata plassert på nordsida av åi. Me søker om klassifisering av røygata i kl. 0.

## *2.2.6 Kraftstasjon*

Kraftstasjonen vil bli tilpassa lokal byggeskikk og plassert ved elva innanfor FV541 ved Trontveit bru. Stasjonen vil ha innkøyring frå fylkesvegen. Bygningen vil bli ca. 40 m<sup>2</sup> og byggemateriale vil bli betong med utvendig kledning i tre og med rausta tak. I vedlegg 2A og B er det vist kart i målestokk 1: 2 500 av kraftstasjonsområdet og kart i målestokk 1: 10 000 av heile anleggsområdet.

Det er planlagt eit aggregat på 1,3 MW med spenning 1,0 kV. Under detaljprosjektering vil det bli vurdert å installere 2 aggregat som samla vil få 1,3 MW installasjon. Transformering opp til nettspenning vil skje gjennom ein trafo på 1,6 MVA 1,0 kV / 22kV.

## *2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket*

Kraftverket vil til ei kvar tid bli køyrd etter tilsiget til inntaket med vasstandsregulering ved inntaket. Minstevassføringa vil bli tappa ut av eit tappeorgan i inntaket.

## *2.2.8 Vegbygging*

Permanent veg til kraftstasjonen er planlagt frå FV 541 Fjonevegen ved Trontveit bru. Det må byggjast omlag 70 m ny veg som vist på vedlegg 2A. Til inntaket blir det ein kort veg på ca. 150 m frå skogsbilvegen til Åkretjønna, sjå vedlegg 2B.

Frå kraftstasjonen blir det ein 400 meter lang traktorveg opp til jordet på 20/14 langs rørtraséen og bort til grendevegen (vedlegg 2A). Elles blir det ingen andre nye vegar.

## *2.2.9 Massetak og deponi*

Overskotsmassar vil bli lagt ved sida av vegen til Trontveit om lag 300 meter opp frå FV 541. Dette arealet blir arrondert etter avtale med grunneigar. Eventuelt massetak for grus til rørtraséen o.a. vil

bli teke ut ved kraftstasjonsområdet. Mellombels lagring av masser vil bli i nærleiken av rørtraséen. Sjå kart i vedlegg 2A.

#### *2.2.10 Netttilknyting (kraftliner/kablar)*

Kraft blir levert frå kraftstasjonen til det lokale distribusjonsnettet ved kraftstasjonen via ein 600 meter lang høgspent jordkabel. Dei fyrste 400 meter langs rørtraséen, og dei siste 200 meter langs veg til distribusjonsnettet. Sjå vedlegg 2A.

Dette arbeidet blir gjort i samsvar med områdekonsesjonen til nettselskapet, VTK. Dei treng ikkje forsterke distribusjonsnettet.

### **2.3 Kostnadsoverslag**

<b>Trontveitåa Kraftverk</b>	<b>I 1000 NOK</b>
Reguleringsanlegg	-
Overføringsanlegg	-
Inntak/dam	1 500
Driftsvassvegar	5 458
Kraftstasjon, bygg	3 250
Kraftstasjon, maskin og elektro	5 250
Kraftline (nett-tilknyting)	420
Transportanlegg	100
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	Inkl.
Uventa	2 397
Planlegging/administrasjon 2)	Inkl.
Finansieringsutgifter og avrunding 2)	Inkl.
<b>Sum utbyggingskostnader (prisnivå 2017)</b>	<b>18 375</b>

Sjå også vedlegg 7

- 1) Planlegging, administrasjon og finansutgifter er inkludert i dei ulike anleggspostane

## **2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket**

### *2.4.1 Fordelar*

Tiltaket vil gje ny fornybar elektrisk kraft til fellesskapet. I tillegg vil det etter planen gje auka inntekter til dei aktuelle grunneigarane, noko som er med å støtte opp under busetjing og aktivitet i eit lokalsamfunn med nedgang i folketal og næringsaktivitet.

### *2.4.2 Ulemper*

Ulempene ved tiltaket vil vera den reduserte vassføringa i elva. Viser elles til kap. 3.

## **2.5 Arealbruk og eigedomsforhold**

### *2.5.1 Arealbruk*

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Inntaksmagasin	1	1	Neddemt areal
Overføring	-	-	
Inntaksområde	1	0,5	
Røyrgate (vassveg)	16 ved gjennomsnittleg 10 m breidde	8 ved 5 m breidde	Eksisterande veg er inkludert i arealet
Riggområde og sedimentteringsbasseng	1	-	Gjeld riggområde
Vegar (nye)	3	1	
Kraftstasjonsområde	2	1	
Massetak/deponi	1	1	Arrondering av masse etter utbygging
Nettilknyting	-	-	Sjå 2.2.10 og vedl. 2A

### *2.5.2 Eigedomsforhold*

Me har kjøpt fallrettane og rett til bygging og drift av nytt kraftverk på eigedomane 20/1, 20/2, 20/5 og 20/27. Me har også evigvarande leigeavtale for bygging og drift av nytt kraftverk på eigedomane 20/12 og 20/14. Dette er alle eigedomane som har rettigheter i tilknyting til Trontveitåa kraftverk. Sjå vedlegg 5.

I vedlegg 2B er der eit oversiktskart med eigedomsmarkering og rørtrasé m.m..

## **2.6 Tilhøvet til offentlege planer og nasjonale føringer**

### *2.6.1 Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.*

Det er ikkje utarbeidd slike planer i nyare tid for småkraftverk, så langt me kjenner til.

Trontveitåa kraftverk er omtala i Regional kraftsystemplan utarbeidd av regionalplanansvarleg (Skagerak energi).

### *2.6.2 Kommuneplanar*

I høve til arealdelen i det kommunale planverket ligg kraftverket i LNF-område med høve til spreidd bustadbygging.

### *2.6.3 Verneplan for vassdrag*

Tiltaket er ikkje i strid med verneplan for vassdrag eller andre verneplanar.

### *2.6.4 Nasjonale laksevassdrag*

Kraftverk i Trontveitåa påverkar ikkje Nasjonale laksevassdrag.

### *2.6.5 Ev. andre planar eller beskytta område*

INON databasen viser at inngrepa som Trontveitåa Kraftverk er årsak til ikkje kjem innom inngrepstilfelle område.

### *2.6.6 EUs vassdirektiv*

Trontveitåa høyrer til vassregion Agder, Nidelva vassregion.

Elva har identitet 019-548-R.

Den har desse tilstandane: Økologisk tilstand "Antatt moderat", Kjemisk tilstand "Udefinert" og Miljømål økologisk "god".

Risikovurderinga: Risiko for at miljømålet ikkje blir nådd innan 2021: "Risiko".

Me viser til rapport frå Vann-nett for Trontveitåa, vedlegg 8.

## **2.7 Alternative utbyggingsløysingar**

Det har vore til vurdering fleire alternativ til plassering av inntak og kraftstasjon.

### *2.7.1 Inntak i Åkretjønna.*

I staden for inntak 400 meter nedstraums tjønna kan ein tenke seg inntak i tjønna. Ein vil her bare få 6 meter meir fall, og marginalkostnaden ved denne ekstra lengde på rørtraséen vil vera kostbar. Dette alternativet blei difor lagt bort.

### *2.7.2 Rørtrasé på sørsida av elva*

Rørtraseen vil gå gjennom eit område som er utfordrande og kostbart å bygge. I tillegg vil røyrlelenga bli lengre. Dette alternativet blei difor lagt bort.

### 2.7.3 Kraftstasjon med utløp direkte i Nisser

Dette alternativet medfører kryssing av FV 541 med rørtraséen og redusert vassføring i elva aust for denne på ei elvestrekning med lite fall. Både av landskapsmessige og økonomiske tilhøve blei dette alternativet lagt bort.

## 3 Verknader for miljø, naturressursar og samfunn

### 3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga)

Oppstraums inntaket (kote 445) og nedstraums utløpet (kote 251) vil situasjonen bli som i dag, d.v.s. naturleg vassføring .

Mellan inntaket og kraftverket vil vassføringa bli redusert med produksjonsvatnet som ved full køyring (1,3 MW) vil vera 781 l/sek eller 2,2 gonger midlare vassføring. Det blir likevel søkt om minstevassføring på 10 l/s, tilsvarende alminneleg lågvassføring. Kurve nedst på s. 11 i punkt 2.2.1 viser månadsmiddel før og etter utbygging. Nedbørfeltet til elva mellom inntaket og utløpet er på 2,7 km<sup>2</sup>, noko som gjev ei tilleggs vassføring referert utløpet på om lag 57 l/sek i middel.

Det er kalkulert med at 25 % av vassføringa i elva ikkje blir nytta av kraftverket. Av dette er 3 % minstevassføring. Dei resterande 22 % vil vera vassføring i periodar med mykje tilsig. Det vil altså i periodar vera ei vesentleg vassføring og i flaumperiodar vil ein knappast kunne merke nokon skilnad i høve til i dag. Det er rekna ut kor mange dagar vassføringa er større enn maks slukeevne og kor mange dagar det er vassføring mindre enn minstevassføring tillagt minimum slukeevne i turbinen for tørt, middels og vått år. Tabell over dette er vist under:

	Tørt år (1973)	Middels år (1986)	Vått år (2000)
Antall dager med vannføring > maksimal slukeevne	14	50	88
Antall dager med vannføring < planlagt minste vannføring + minste slukeevne	26	27	0

Kurver som viser vassføringa før og etter utbygging i eit tørt, middels og vått år for sommar- og vintersesongen, samt kurver over lågvassføringar og 5-persentilen for sommar- og vintersesongen er vist i vedlegg 3.

### 3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Dette utbyggingsprosjektet vil ikkje i særleg negativ grad påverke vasstemperatur og lokalklima.

Vasstemperaturen nedstrøms inntaket vil bli lågare om vinteren og noko høgare om sommaren på grunn av at den reduserte vassføringa raskare vil bli tilpassa temperaturen i omgjevnaden. Den berørte elvestrekninga er kort og verknaden på temperaturen vil difor vera liten.

Oppstrøms inntaket kan me heller ikkje sjå at kraftverket i nemneverdig grad vil kunne påverke elveløpet eller nærmeste omgjevnader i høve til desse problemstillingane.

### **3.3 Grunnvatn**

Ingen tunnelar skal sprengast, og det er heller ingen andre planlagde inngrep som skulle medføre fare for utilsikta drenering av grunnvatn og/eller overflatevatn. På grunn av den reduserte vasstanden ved brønnen til 20/14 ved Trontveitåa blir brønnen erstatta av vatn frå borhol.

### **3.4 Ras, flaum og erosjon**

Lausmassene i området er morenejord og noko breelvavsetning ned mot fylkesvegen. På sørsida av elva er dekket av lausmasser tynt. På nordsida er morenedekket kjukkare.

Flaum, erosjon og skred vil ikkje bli endra på grunn av utbygging av Trontveitåa. Kraftstasjonen vil ligge over flaumvasstand i Nisser.

Det er utarbeidd skredkart for området. Sjå vedlegg 10. Her går det fram at områda ved inntaket og kraftstasjonen ikkje er skredutsatt. Røyrtraséen ligg delvis innanfor aktsemidssone for snøskred og jord/ løsmasseseskred, noko ein må ta omsyn til i anleggsfasen.

Rørtraseen er relativt bratt og ein kan ikkje sjå bort frå ei viss avrenning av sediment i anleggstida ved ugunstige værtihøve. Arbeidet vil bli gjennomført på ein måte som reduserer denne risikoen til eit minimum. I driftsfasen vil røyrtraséen bli drenert slik at veg og innmark blir tilbakeført i same stand som før utbygginga.

### **3.5 Raudlisteartar**

Under arbeidet med rapport for biologisk mangfold blei det ikkje funne raudlisteartar, sjå vedlegg 4. Det er beskrive at potensialet for funn av raudlisteartar er vurdert som lågt.

### **3.6 Terrestrisk miljø**

Det biologiske mangfaldet er registrert av Faun Naturforvaltning i 2016 og presentert i Faun rapport 023-2016, sjå vedlegg 4.

Vegetasjonstypen er vesentleg blåbærgranskog og litt skinntrytefuruskog, bærlyngskog og småbregnegranskog. Det er vesentleg yngre blandingsskog som dominerer, med meir furu på sørsida enn på nordsida. På både sider er det også litt svartor nærmest elvekanten.

Det er under feltarbeidet registrert ei naturtype bekkekløft som er vurdert å vera av lokal verdi (C). Denne naturtypen er i følgje Naturindeks for Norge definert som bratt V-dal eller gjel med bekk eller elv i botn og skogsmark langs kantane.

Området ligg nedanfor grensa for Våmur - Roan villreinområde, som her har går ned til 600 moh, sjå vedlegg 9.

Det blir drive elgjakt, og det er også innslag av rådyr og hjort i området. Det er ikkje registrert noko spesielt viktig viltområde.

Ein må rekne med at elva kan vera hekkeplass for fossekall og kanskje også for gulerle.

Det er ikkje observert artar som er prioritert etter naturmangfaldlova.

### **3.7 Akvatisk miljø**

Det akvatiske miljøet er ikke spesielt undersøkt. Elva har vore fisketom på grunn av sur nedbør, men har enkelte djupe kulpar der fisken kan stå. Det finst aure i elva, men elva synes ikke å vera noko spesielt god fiskeelv. Fisk kan gå opp til området ved den planlagde kraftstasjonen, men det er flere andre elvar som nok er viktigare som gyteelv for fisken i Nisser. I Vann-nett er elva typifisert som lita, kalkfattig og klar. Den økologiske statusen er karakterisert som moderat på grunn av manglende data og påverking frå sur nedbør. Den kjemiske tilstanden er ikke målt. Elva er ikke sterkt modifisert. Det er i nyare tid ikke registrert elvemusling i Arendalsvassdraget. Førekomsten av ål er dårlig kartlagt, men det er ikke kjent at det finst ål så langt opp som til Nisser og Fyresvatn i dag. Derfor kan ein også sjå bort i frå at det finst elvemusling og ål i Trontveitåa.

### **3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag**

Tiltaket ligg ikke i område som er med i verneplan for vassdrag eller nasjonale laksevassdrag. Nedslagsfeltet grensar i sør-vest til VassVernOmråde «Kilåi» som blei verna i verneplan IV i 1993.

### **3.9 Konsekvensar for landskapet**

Landskapet hører til det som i eit nasjonalt referansesystem for landskap blir kalla landskapsregion 12 Dal og fjellbygdene i Telemark og Aust-Agder. Landskapet i denne regionen er ofte svært variert og kupert. Hovudforma i landskapet her er Nisser med store heiområde vestover mot Fyresdal. Kulturlandskapet gjer generelt lite av seg her. I dag er jordbrukslandskapet prega av ekstensiv drift, med varig eng som dominante driftsform. Tidlegare var det pelsdyroppdrett i området.

Elva ligg bortgøymt til og er lite synleg, bortsett frå der elva kryssar FV 541.

Inntaksdammen vil bli synleg frå skogsbilvegen mot Åkretjønna. Rørtraséen vil ikke gje nokon varig synleg effekt i landskapet, då den vil bli grave ned heile vegen. Kraftstasjonen vil bli plassert innanfor FV541 og vil bli synleg frå denne.

I tillegg til bileta i

Tiltaket vil ikke redusere omfanget av inngrepsfrie naturområde (INON).

### **3.10 Kulturminne og kulturmiljø**

Det er få spor etter kulturminne knytte til eldre utnytting av vassdraget. Den planlagde inntaksdammen, kraftstasjonen og rørtraséen vil ikke berøre slike kulturminne. Det er heller ikke registrert viktige kulturminne knytte til jordbrukslandskapet som rørtraséen vil gå gjennom. Litt ovanfor der kraftstasjonen er tenkt plassert heiter det Saghylen, men det er lite att av noko som minner om at det har vore ei sag der ein gong.

### **3.11 Reindrift**

Ikkje aktuelt

### **3.12 Jord- og skogressursar**

Det blir drive jordbruk på enkelte strekningar langs rørtraséen. I anleggsfasen vil redusert produksjon måtte pårekna. På lengre sikt er det ingen konsekvensar då grøfter og topsjikt vert tilbakeført til opprinneleg stand.

Skogressursane er i hovudsak gran og furuskog. Det er aktivt skogbruk i området. Dette vil ikkje bli vesentleg forringa av utbygginga med unntak av noko redusert framkome i anleggstida.

### **3.13 Ferskvassressursar**

Merkbare negative verknader i anleggs- og driftsfasen for vasskvalitet, vassforsyning og resipientforhold er ikkje påvist, men dette vil bli nøye fylgd opp i den vidare planlegginga.

Det er registrert ein privat brønn i nærleiken av åi. Som tidlegare nemnt vil denne brønnen bli erstatta av borhol.

### **3.14 Brukarinteresser**

Elvestrekninga vert i liten eller ingen grad nytta til fiske og friluftsliv. Heiområdet innanfor Åkretjønna kan bli nytta til friluftsliv. Me kan ikkje sjå påviselege negative konsekvensar for allmenne interesser etter utbygginga.

### **3.15 Samfunnsmessige verknader**

Tiltaket vil ha positive samfunnsmessige verknader p.g.a. auka aktivitet i byggefase og verdiskaping i driftsfasen. Kan ikkje sjå at denne utbygginga har eit omfang som skulle tilseie nokon negative verknader for lokalsamfunnet med unntak av den reduserte vassføringa i elva som kraftverket er årsaka til.

### **3.16 Kraftliner**

Distribusjonsnettet (22 kV) i området vil kunne ta imot kraft frå Trontveitåa. Frå kraftstasjonen vil tilknytinga skje via ein 600 meter lang jordkabel.

### **3.17 Dam og trykkrør**

Inntaksdammen er utført med fast overløp og eit beskjedent neddemt areal rett oppstraums inntaket. Inntaksdammen er søkt i klasse 0.

Trykkrøyret vil ikkje gjera større skade ved ev. røyrbrot og er også søkt i klasse 0.

### **3.18 Alternative utbyggingsløysingar**

Flyting av inntak, røyrtrasé og kraftstasjon vil gje høvesvise store negative konsekvensar samanlikna med den omsøkte utbyggingsløysinga.

### 3.19 Samla vurdering

Tema	Konsekvens	Søkjar/konsulent vurdering
Vasstemp., is og lokalklima	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent/søkjar</i>
Ras, flaum og erosjon	<i>liten negativ</i>	<i>søkjar</i>
Ferskvassressursar	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Grunnvatn	<i>liten negativ</i>	<i>søkjar</i>
Brukarinteresser	<i>positiv</i>	<i>søkjar</i>
Raudlisteartar	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Terrestrisk miljø	<i>middels negativ</i>	<i>konsulent</i>
Akvatisk miljø	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Landskap og INON	<i>liten negativ</i>	<i>søkjar</i>
Kulturminne og kulturmiljø	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent/søkjar</i>
Reindrift	<i>ingen</i>	<i>søkjar</i>
Jord og skogressursar	<i>liten negativ</i>	<i>søkjar</i>

### 3.20 Samla belastning

Som det går fram av omtala av tiltaket og verknadene for miljø, naturressursar og samfunn fører utbygging av Trontveitåa kraftverk til små inngrep i ei godt tilrettelagt utbygging, der ulempene vil vera små.

Trontveitåa ligg i skogslandskap i ei grend der elva ikkje utgjer noko visuelt element. Elva er heller ikkje synleg frå andre område langs Nisser. Nabovassdraget Håtveitåi i nord er meir eksponert i si grend, både for fastbuande og turisme. Spesielt kraftverket Klorefoss har ein markert foss som blir redusert.

Det blir nokre mindre inngrep i marka etter rørtrasée, inntaksdam, veg, el-kablar og kraftstasjon, men mykje av dette vil raskt bli lite synleg.

Ei registrert bekkekløft vil bli negativt påverka ved at vassmengda gjennom kløfta mesteparten av året vil bli vesentleg redusert. Dette vil kunne gje dårlegare vilkår, særleg for enkelte fuktkrevjande mosar.

Redusert vassføring vil vera negativt for fisk og enkelte virvellause dyr som lever i elva.

Samla sett meiner me difor at utbygging av Trontveitåa Kraftverk tvillaust er meir til gagn enn skade.

## **4 Avbøtande tiltak**

Rørtraséen vil bli godt gjøymt i terrenget og gro raskt igjen der den går i utmark. I veg og innmark vil arealet så raskt som råd bli ført tilbake til førtilstanden.

Det viktigaste tiltaket på sikt vil vera slepp av minstevassføring. Me har lagt inn i prosjektet ei minstevassføring på 10 l/s, tilsvarende alminneleg lågvassføring, i dei periodane naturleg tilsig ref. inntak er større enn dette. Det vil gje eit produksjonstap på 135 MWh / år eller kr 40 000,- pr. år ved ein kraftpris på 30 øre/kWh samanlikna med at det ikkje blir sleppt minstevassføring.

Utforming av inntak, rørtrasé og kraftstasjon vil bli gjort på ein slik måte at skadeverknadene blir så små som råd (sjå. punkt 2.2).

## **5 Referansar og grunnlagsdata**

Grunnlaget for søknaden bygger i hovudsak på grunnlagsdata som fylgjer av NVE-Kostnadskatalog, NVE-Atlas, NVE-notat ref NVE200602335-2, Statens kartverk (kart og eigedomsinformasjon), samt informasjon som fylgjer av vedlegga.

## **6 Vedlegg til søknaden**

1. Oversiktskart over Sørøstnoreg, delar av Nissedal kommune og kart med nedbørfelt 019.F211 innteikna (REGINE, NVE-Atlas)
2. To detaljerte kart i målestokk 1:2500 og 1:10 000 over utbyggingsområdet som viser inntak, rørtrasé, kraftstasjon, kraftkabler, vegar, eigedomsgrenser, med meir.
3. Hydrologiske data. Rapport frå Sweco
4. Temrapport om biologisk mangfold og kulturminne. Faun Naturforvaltning.
5. Eigedomstilhøve og eigaroversikt.
6. Fotoeksempel på utforming av inntaket. Frå brosjyre frå Brødrene Dahl.
7. Notat med teknisk/ økonomisk vurdering.
8. Faktaark frå VannNett for vassførekost 019-548-R, Trontveitåni
9. Kart over Våmur-Roan villreinområde. Norsk Villreinsenter Sør.
10. NVE Skredkart av området.
11. Bilete av elva. Faun og Ofte


## Vedlegg 1 A




## Nissedal kommune



## Vedlegg 1 C



# Vedlegg 2A




Vest-Telemark Kraftlag AS

Nye Trontveit  
Dekalfjækestad

Målestokk 1:2500

Dato: 2017.04.21

## Vedlegg 2B




Trontveitåna Kraftverk. Oversiktsskart

## RAPPORT

### TEKNISK HYDROLOGI OG VURDERING AV HYDROLOGISKE KONSEKVENSER AV PLANLAGT TILTAK

### TRONTVEIT KRAFTVERK



Kunde: Vest-Telemark Kraftlag AS

Prosjekt: Hydrologisk grunnlag Gjøv og Trontveit

Prosjektnummer: 28094001

Dokumentnummer: 28094001-02-00

Rev.: 0

**Sammendrag:**

Notatet beskriver nødvendig hydrologi for teknisk planlegging og gir all nødvendig informasjon etterspurt fra NVE i forbindelse med dokumentasjon av hydrologiske forhold for Trontveit kraftverk.

**Rapporteringsstatus:**

- Endelig  
 Oversendelse for kommentar  
 Utkast

Utformet av:	Sign.:
Anne Bjørkenes Christiansen	<i>Anne B Christiansen</i>
Kontrollert av:	Sign.:
Kjetil Sandsbråten	<i>Kjetil Sandsbråten</i>
Prosjektleder:	Prosjekteier:
Anne Bjørkenes Christiansen	Andreas Fløystad

**Revisjonshistorikk:**

REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTFORMAT AV	KONTROLLERT AV

# Innholdsfortegnelse

1	Innledning .....	4
2	Områdebeskrivelse .....	4
3	Hydrologisk datagrunnlag .....	5
3.1	Hydrometri.....	5
4	Beregnehede resultater .....	10
4.1	Tilsigsserie .....	10
4.2	Statistiske parametere .....	10
4.3	Lavvannskarakteristika for Trontveit .....	11
4.4	Årsmidler for tilsigsserien ved inntak Trontveit .....	11
4.5	Persentiler for tilsigsserien ved inntak .....	12
4.6	Sesongmessige lavvannføringer for naturlig delfelt .....	14
4.6.1	5-Persentil Sommersesong (1.5 – 30.9) .....	14
4.6.2	5-Persentil Vintersesong (1.10 – 30.4) .....	15
4.7	Varighetskurve, slukeevne og sum lavere for tilsig til inntak .....	16
5	Hydrologiske konsekvenser av planlagt tiltak .....	17
5.1	Konsekvenser for vannføringsforhold .....	17
5.2	Nedstrøms inntaket i Trontveitåni, punkt 1 .....	18
5.3	Rett oppstrøms utløpet av Trontveit kraftverk, punkt 2 .....	22
6	Beregning av nyttbar vannmengde til produksjon ved hjelp av hydrologiske data .....	26
6.1	Omsøkt alternativ .....	26
7	Vanntemperatur, isforhold og lokalklima .....	26
8	Flom.....	27
8.1	Metodikk – beregning av flomstørrelser .....	27
8.2	Generell metodikk for flomberegning .....	28
8.2.1	Flomfrekvensanalyse .....	28
8.2.2	Nedbør-avløpsmetoden .....	28
8.3	Sesonginndeling .....	29
8.4	Beregning av flommens størrelse og forløp .....	29
8.5	Valg av analysemetodikk for flomvurdering ved inntak til Trontveit kraftverk .....	30
9	Dagens flomforhold og effekter av tiltaket .....	33
10	Erosjon .....	33
11	Grunnvann .....	33
12	Ferskvannsressurser .....	33
13	Referanser .....	34

# 1 Innledning

SWEKO Norge AS har etter forespørsel fra Vest-Telemark Kraftlag AS utarbeidet tilsigsserie samt utvalgte nedbørsfelt- og hydrologiske parametere for planlagt regulert nedbørfelt, med inntak ca 350 meter nedstrøms Åkretjønna.


Det er sett på ett alternativ, med inntak på kote 445 og med utløp på kote 251 innenfor fylkesveien. Nedstrøms utløpet vil vannføringen være som tidligere. Det planlegges ikke reguleringsmagasin i utbyggingen utover inntaket. Inntaket er planlagt som et fast overløp (Coandainntak)

Notatet beskriver nødvendig hydrologi for teknisk planlegging og gir all nødvendig informasjon etterspurt fra NVE i forbindelse med dokumentasjon av hydrologiske forhold for små kraftverk med konsesjonsplikt.

# 2 Områdebeskrivelse

Nedbørfeltet til inntakspunkt Trontveit er lokalisert i Nissedal kommune i Telemark fylke. Kraftverkets inntak er planlagt 350 meter nedstrøms Åkretjønna i Trontveitåni og kraftverkets utløp ligger i Trontveitåni rett ovenfor fylkesveien ved Nisser. Planlagt regulert nedbørsfelt er beregnet til 13.93 km<sup>2</sup> ved inntak på 445 m.o.h.

Nedstrøms restfelt fra inntak ned til planlagt utløp ved kote 251 er på 2.67 km<sup>2</sup>. Generell skisse med plassering i Norge er vist i Figur 1.



Figur 1 Oversiktskart over Trontveit

Det er ingen spesiell usikkerhet knyttet til fastsettelse av nedbørfeltgrenser.

Inntaksfeltet til Trontveit strekker seg mellom 445 og 921 m.o.h. og restfeltet mellom inntak og utløp på mellom 251 og 817 m.o.h. Detaljer for de enkelte delfeltene er beskrevet i tabellene nedenfor.

Inntaksfeltet består av flere innsjøer og tjern.

*Tabell 1 Nedbørfeltparametere*

Post:	Fyresdal Næringshage 3870 FYRESDAL
Internett:	<a href="http://www.fnat.no">www.fnat.no</a>
E-post:	<a href="mailto:post@fnat.no">post@fnat.no</a>

**Kontaktopplysningar forfattar:**

Namn:	Helge Kiland
E-post:	<a href="mailto:hk@fnat.no">hk@fnat.no</a>
Telefon:	916 32 615

## Innhald

Samandrag.....	4
1 Innleiing .....	5
2 Utbyggingsplanar og influensområde .....	7
2.1 Utbyggingsplanar.....	7
2.2 Influensområdet.....	9
3 Metode .....	10
3.1 Eksisterande datagrunnlag .....	10
3.2 Verktøy for kartlegging og verdi- og konsekvensvurdering .....	10
3.3 Feltregistreringar .....	10
4 Resultat.....	12
4.1 Kunnskapsstatus.....	12
4.2 Naturgrunnlaget .....	12
4.3 Raudlisteartar .....	17
4.4 Terrestrisk miljø.....	17
4.4.1 Verdifulle naturtypar .....	17
4.4.2 Karplantar, mosar og lav .....	20
4.4.3 Fugl og pattedyr .....	20
4.5 Akvatisk miljø .....	21
4.6 Konklusjon – Verdi.....	21
5 Verknader av tiltaket .....	22
5.1 Omfang og konsekvens .....	22
5.2 Biologisk mangfold .....	24
5.3 Kulturminne.....	25
5.4 Oppsummering.....	26
6 Avbøtande tiltak .....	27
7 Uvisse.....	28
8 Kjelder.....	29

# **Samandrag**

## **Bakgrunn**

Vest-Telemark kraftlag ønskjer å bygge nytt kraftverk i Trontveitåa på Fjone i Nissedal. Det gamle kraftverket på 0,11 MW som er bygd i 1996 vil da bli nedlagt.

## **Utbyggingsplanar**

Det nye kraftverket vil nytte eit fall på ca 200 m frå Åkretjønna og ned mot Nisser. Frå inntaksdam ca 400 m nedanfor Åkretjønna kote 451 vil vatnet bli ført i ei ca 1600 m lang rørgate på nordsida av elva. Det meste av rørgata vil bli lagt ned i eksisterande skogsbilveg og dyrka mark, men vil dei siste 200 metrane bli lagt i eit lite søkk med granskog. Kraftstasjonen på 1,3 MW blir plassert ca 75 m innanfor bruа der elva kryssar Fjonevegen, på kote 251. Det vil vera behov for ca 200 m ny veg fram til kraftstasjonen. Elles vil ein i stor grad nytte eksisterande skogsbilvegar og traktorvegar. Som avbøtande tiltak er det framlegg om minstevassføring.

## **Metode**

NVE rettleiar 3/2009 - «dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1-10 MW)» revidert utgåve, er nytta som mal for arbeidet.

## **Verknader på biologisk mangfold**

Vegetasjonen i området med karplantar, mosar og lav er undersøkt. Det er registrert eit naturtypeområde bekkekløft som omfattar den delen av elva som er planlagd utbygd. Naturtypen er gitt lokal verdi (verdi C). Fisk og anna fauna er ikkje undersøkt, men vassdraget var lenge fisketomt på grunn av forsuring og den økologiske tilstanden i elva er karakterisert som moderat på grunn av det. Berggrunnen i området er næringsfattig og få næringskrevjande artar er påvist. Innslaget av gammal skog og død ved er moderat og ingen raudlisteartar er påvist.

Utbyggingsplanane vil gje redusert vassføring, noko som kan føre til endra mikroklima og därlegare vilkår for enkelte fuktkrevjande artar av mosar og lav. Redusert vassføring kan også gje därlegare skjul for fisk og lågare produksjon. Elva har enkelte kulpar der vasstanden kan halde seg også når vassføringa blir låg.

Den samla konsekvensen for biologisk mangfold er vurdert som **middels negativ**.

## **Kulturminne**

Det er lite spor etter kulturminne i Trontveitåa. Litt ovanfor der kraftstasjonen er tenkt plassert heiter det Saghylen, men det er lite att av noko som minner om at det har vore ei sag der ein gong.

# 1 Innleiing

Trontveitå kjem frå Åkretjønna på vestsida av Nisser. For småkraftprosjekt mellom 1 og 10 MW blir det stilt krav om ei registrering og vurdering av potensialet for biologisk mangfald. NVE har laga ein rettleiar og mal for slike rapportar (Korbøl mfl 2009). Også for minikraftverk (0,1 – 1 MW) kan det bli stilt krav om undersøking av biologisk mangfald, særleg der det er mistanke om spesielle verdiar.

Rapporten skal

- Skildre naturverdiane i området
- Vurdere konsekvensane av tiltaket for biologisk mangfald
- Vurdere behov for og verknader av avbøtande tiltak
- Gje ein oversikt over førekommst og tilstand til nyare tids kulturminne knytte til elva

Feltarbeid og rapport er utført av Helge Kiland, som er naturforvaltningskandidat frå NLH 1978. Han har mellom anna gjennomført kurs i lav og mosefloristikk med vekt på raudlisteartar ved Høgskulen i Telemark i Bø 2010 og har elles lang erfaring frå naturtypekartlegging og naturinventering. Han er medlem av Norsk Botanisk Foreining (NBF) og «Moseklubben». Kiland har også eksamen frå kurs i registrering av kulturminne i utmark, ved Høgskulen i Hedmark 2006.




**Figur 1. Oversiktskart med aktuell plassering (raud sirkel) av kraftstasjon for Nye Trontveit kraftverk.**

## 2 Utbyggingsplanar og influensområde

### 2.1 Utbyggingsplanar

Vest-Telemark kraftlag har overteke utbyggingsrettane i Trontveitåa og ønskjer å erstatte den gamle kraftstasjonen med ein ny nær Fjonevegen. Den nye stasjonen vil produsere 3,77 GWh i året, mot 0,57 GWh som i dag blir produsert i den gamle kraftstasjonen.




Figur 2. Inntaket til eksisterande Trontveit kraftverk, foto Helge Kiland.

Det nye inntaket vil bli plassert ca 400 m nedanfor Åkretjønna, på slutten av eit flatt parti i elva. Inntaksdammen vil vera eit Coandainntak med fast overløp. Det neddemde arealet er rekna til ca 1 daa. Vatnet vil bli overført i rør med innvendig diameter på 60 cm. Rørgata vil bli graven ned i lausmassar og ein stor del av rørgata vil bli lagt i skogsbilveg og gjennom jorda på Håtveit og Garden (Figur 4). Det siste stykket før kraftstasjonen vil rørgata følgje ein liten dal gjennom granskog. Det er på mange måtar den naturlege traseen for ei slik rørgate.

Kraftstasjonen vil ligge på nordsida av elva ca 75 m frå Trontveit bru. Kraftstasjonen vil bli kopla til nettet gjennom ein 22 kV jordkabel som vil følgje rørgata og ei ny grøft ca 200 m nordover til mast ved VTK trafo 60038 Trontveit.



Figur 3. Kraftstasjonsområdet på nordsida av elva.




Figur 4. Plassering av inntak, rørgate og kraftstasjon for Nye Trontveit kraftverk.

**Tabell 1. Hydrologisk og topografisk grunnlag for Trontveit kraftverk. Frå Vest-Telemark kraftlag.**

Inntaksdam	moh	451
Turbin	moh	251
Nedbørfelt	km <sup>2</sup>	14,57
Tilsig 1930-60, NVE	l/s/km <sup>2</sup>	23,33
Tilsig 1960-90, NVE	l/s/km <sup>2</sup>	18,37
Tilsig prosjektert	l/s/km <sup>2</sup>	26,90
Rørdiameter	cm	60
Verknadsgrad	%	60
Vasstap	%	30
Dimensjonerande slukeevne	faktor	2,00
Fallhøgde	m	200
Middeltilsig	l/s	392
Slukeevne, maks	l/s	784
Vassfart rør, maks	m/s	2,77
Effekt generator, maks	kW	1229
<b>Årsproduksjon</b>	<b>GWh</b>	<b>3,77</b>

## 2.2 Influensområdet

Som influensområde reknar ein eit belte på ca 100 m til kvar side av elva frå inntaket og ned til Nisser. Dette beltet dekker også den planlagde rørgatetraseen.



**Figur 5. Influensområdet for Nye Trontveit kraftverk 100 m fra elveløpet og fra nedgraven rørgate.**

## 3 Metode

### 3.1 Eksisterande datagrunnlag


Det er søkt i fleire nasjonale databasar, eksempel Naturbase, Artskart og Artsobservasjoner etter registreringar som ennå ikkje er lagt ut i Artskart. Registrering av viktige miljøverdiar i skog (MiS) er lagt ut av Skog og landskap (<http://kilden.skogoglandskap.no/>). I Lokalitetsdatabase for skogområder har Klepsland (2008) registrert miljøverdiar i bekkekløfta Den vonde dalen, som ligg på same side av Nisser men 4,5 km lengre sør. Informasjon om geologien i området er henta frå NGU. Informasjon om kulturminne er henta frå Kulturminnesøk ([www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)).

### 3.2 Verktøy for kartlegging og verdi- og konsekvensvurdering


Som grunnlag for vurdering av verdifulle naturtypar er det nytta DN handbok 13 (2007) og 15 (2000). Handbok V712 (Statens vegvesen 2014) er nytta som metodegrunnlag for å vurdere verdiar og ringverknader for biologisk mangfald. Det er elles gjort bruk av oppdatert raudliste for truga artar (Henriksen og Hilmo 2015) og truga naturtypar (Lindgaard og Henriksen 2011). Rapporten følgjer malen som er gitt i NVE rettleiar nr. 3/2009 (Korbøl, Kjellevold og Selboe 2009).

### 3.3 Feltregistreringar

Feltarbeidet blei utført 15.8.2016 under opphaldsver med sol og ca 20 grader. Vassføringa syntes normal, men litt prega av regnværet dei siste dagane med mykje brunfarge på vatnet. Elva blei følgd oppover på venstre side opp til kraftstasjonen. Deretter på høgre side opp til inntaksdammen. Eit stykke på nordsida av juvet var såpass utilgjengeleg at ein måtte fråvike elvetraseen noko. På veg ned att følgde ein den planlagde rørgatetraseen. Seinare er det den 2.8.2017 gjort ei ny registrering, denne gongen på sørsida av juvet.



Figur 6. Sporlogg for Helge Kiland under synfaringa 15.8.2016 langs Trontveitåa. Frå Mapsource.



**Figur 7.** Sporlogg for Helge Kiland 2.8.2017. Sporet følgjer åa ned til eksisterande kraftstasjon og opp igjen langs eksisterande rørgate.

Anne Nylend synfarte området 21.10.2010, på oppdrag frå Småkraft AS. Ho såg da på heile elvestrekninga frå Åkretjønna og ned til Nisser.



**Figur 8.** Krusgullhette og etasjemose. Foto Helge Kiland.

## 4 Resultat


### 4.1 Kunnskapsstatus

Det er ikkje registrert noko naturtype innanfor influensområdet til kraftverksplanane. Søk i Artskart gjev observasjonar av gaupe, raudlistekategori sterkt truga (EN). Andre observasjonar er ein daud hoggorm (Kjell Magne Olsen, Biofokus 2007). Mykje av skogen på Trontveit er uthoggen og det finst ikkje nyare skogbruksplandata med miljøregistrering for eigedomen. Det ligg ikkje inne noko registrert formminne i databasane Kulturminnesøk eller Askeladden.

### 4.2 Naturgrunnlaget

#### Klima

Klimaet i Tveitsund er svakt oseanisk, med ein middelnedbør på vel 1000 mm i året. Det er minst nedbør om vinteren og mest om hausten. Området ligg i sørboreal og mellomboreal vegetasjonssone (Moen 1998).



Figur 8. Nedbørs- og temperaturnormal for målestasjon 37230 Tveitsund. Frå [www.eklima.no](http://www.eklima.no).


#### Berggrunn

Berggrunnen består av granittisk og diorittisk gneis. I lia nord for Trontveit finst det innslag av gabbro/amfibolitt.

#### Vassmiljø

Vassførekosten 019-548-R Trontveitåa er ca 2,14 km lang og i risiko for ikkje å nå målet om minst god økologisk og kjemisk tilstand innan 2021. Trontveitåa er svært kalkfattig (< 1 mg Ca/l) og med ANC < 0,05 mikroekv/l) og klar (humusinnhald TOC 2 – 5 mg/l). Det svarar til


vasstype RSM2111 og nasjonal vasstype 13. Vassførekosten har utsett frist med å nå miljømålet (Vassforskrifta § 9) på grunn av tiltak mot langtransportert forureining (sur nedbør). Den økologiske tilstanden er inntil vidare rekna som moderat.



**Figur 9.** Berggrunnskart. Frå <http://geo.ngu.no/kart/arealisNGU/>

## Kvartærgeologi

Lausmassane i området er morenejord og noko breelvavsetning ned mot fylkesvegen. På sørssida av elva er dekket av lausmassar tynt. På nordsida er morenedekket tjukkare.




Figur 10. Kart over lausmassane i området. Frå <http://geo.ngu.no/kart/arealisNGU/>

### Landskap og topografi


Området hører til landskapsregion 12 Dal og fjellbygdene i Telemark og Aust-Agder. Underregion Nisser/Vråvatn ([www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no)).

Elva kjem frå Åkretjønna og har til å begynne med ikkje så stort fall. Her er det granskog på begge sider, vesentleg av yngre alder (hogstklasse III). Frå det eksisterande inntaket blir fallet større, og her er det ei markert bekkekløft eller juv med til dels loddrette bergveggar på nordsida av elva og ikkje fullt så bratt på sørsida. Bekkekløfta endar litt nedanfor ein foss. I juvet er det mykje store blokkar i bekken. Frå kraftstasjonen og nedover er fallet mindre og elva har her også enkelte hølar og kulpars.





**Figur 11.** Bileta er tekne nedantil på ruta frå kraftstasjonsområdet og opp til området med den gamle kraftstasjonen. Nede til høgre bru og gaupebås på nordsida av elva, nær Trontveit. Foto Helge Kiland.



**Figur 12.** Frå øvre del av Trontveitå. Foto Anne Nylend.

#### Kunstig påverknad

Trontveit kraftverk var ferdigstilt i 1996 og utnyttar eit fall på 85 m. Kraftverket har ein installasjon på 0,11 MW og kan produsere 0,57 GWh i året. Rørgata har ein diameter på 40 cm og er lagt oppå terrenget. Ho består dels av PVC-røyr og den siste delen er av jern. Lengda er på vel 600 m.



**Figur 13.** Fjone kraftverk. Foto Helge Kiland.

Det er laga bru over elva litt ovanfor kraftstasjonen. Skogen omkring har vore nytta i ordinær skogdrift og består stort sett av ungskog med unntak av noko eldre skog nedanfor Garden og det ein ikkje har fått tak i nærist bekkekløfta. Delar av skogen er gjerda inn til sauebeite. Det er laga bilveg frå Trontveit og innover til Åkretjønna, med traktorvegar som avstikkarar til elva frå inntaksdammen og oppover.



**Figur 14.** Traktorveg ned til elva ovanfor eksisterande kraftverksinntak og lågbru der vegen til Åkre kryssar elva. Foto Anne Nylend.

### 4.3 Raudlisteartar

Med bakgrunn i erfaringane frå Bekkekløftprosjektet kom Evju med fleire (2011) fram til at mengde død ved, fossesprut, skog og bergveggar med basiske og lett forvitrelege bergartar gav størst sjanse for førekommst av raudlisterartar. Trontveitåa har ikkje slike bergartar. Bergveggane langs elva er ikkje spesielt høge og dei er i tillegg relativt eksponerte. Vilkåra for raudlista mose- og lavartar synes derfor ikkje å vera spesielt gode. Hovudmengda av raudlisteartar i bekkekløfter er knytt til førekommstar av gammal skog og død ved. I bekkekløfta Den vonde dalen, som ligg ca 4,5 km lengre sør, fann Klepsland (2008) litt gubbeskjegg, som er nær truga (NT). Det var i gammal granskog. Det er det ikkje mykje av i Trontveitåa, og potensialet for funn av raudlisteartar er derfor vurdert som lågt.

### 4.4 Terrestrisk miljø

Vegetasjonstypen er vesentleg blåbærgranskog og litt skinntrytefuruskog, bærlyngskog og småbregnegranskog. Det er vesentleg yngre blandingskog som dominerer, med meir furu på sørsida enn på nordsida. På både sider er det også litt svartor nærmast elvekanten.

#### 4.4.1 Verdifulle naturtypar

Det er under feltarbeidet registrert ei naturtype; bekkekløft. Naturtypen skogsbekkekløft er i følgje Naturindeks for Norge definert som bratt V-dal eller gjel med bekk eller elv i botn og skogsmark langs kantane. I følgje DN handbok 13 skal velutvikla bekkekløfter med kontinuitet i tresjiktet reknast som svært viktige (A) eller viktige (B). Det kan også gjelde bekkekløfter med god førekommst av bergveggar. Dei kan ha verdi B. I Bekkekløftprosjektet (Evju mfl 2011) er metoden for verdifastsetjing utvikla vidare til å gjelde 15 ulike faktorar (tabell 2). Ut frå dette er bekkekløfta i Trontveitåa vurdert å vera av lokal verdi (C).

**Tabell 2.** Kriterium for verdisetjing. Verdi stor (\*\*), middels (\*\*) og noko (\*), ingen (0) og ikkje relevant (-). UR står for urørt, DVM er død ved mengde, DVK er død ved kontinuitet, GB er gamle bartre, GL er gamle lauvtre, GE er gamle edellauvtre, TF er treslagsfordeling, VA er variasjon, TVA er treslagsvariasjon, VVA er vegetasjonsvariasjon, RI er rikdom, AM er artar, ST er storleik, AR er arrondering, FOR er fosserøyk.

Kjerne område	UR	DVM	DVK	GB	GL	GE	TF	VA	TVA	VVA	RI	AM	ST	AR	FOR	Samla Verdi
1	**	*	*	*	*		*	**	*	**	*	*	*	**	*	*

## Trontveitåa UTM 32V 126700/6568343 – 126382/6568384

Kommune:	Nissedal	Naturtype:	Bekkekløft og bergvegg (F09)
Registrering:	15.08.2016	Veg.sone:	Boreal
Registrator:	Helge Kiland	Høgdelag:	300 - 400 moh
Areal:	17 daa	Verdi:	Lokalt viktig

*Innleiing:* Lokaliteten er registrert av Helge Kiland i samband med kartlegging av biologisk mangfold etter NVE-veileder 3/2009.

*Plassering/avgrensning/naturgrunnlag:* Lokaliteten omfattar ei bekkekløft i Trontveitåa på vestsida av Nisser i Nissedal kommune. Naturtypen er avgrensa ut frå topografien i området. På nordsida av kløfta er det bratte fjellskrentar, medan det på sørsida er eit meir varierande fall mot bekken. Bergrunnen består av granittiske gneisar.

*Naturtype/vegetasjonstype:* På både sider av elva er det granskog. Den dominerande vegetasjonstypen er blåbærgranskog. Skogen synes ikkje spesielt gammal, og det er lite død ved i området.

*Artsmangfold:* Det er yngre gran og furuskog på sørsida av elva. Det er det også på nordsida der det har vore mogleg å få drive ut tømmeret. Det er funne enkelte moderat næringskrevjande artar, som lundgrønak. Potensialet for funn av raudlista artar er vurdert som lågt.

*Verdigrunngjeving:* Relativt lita bekkekløft men med eit markert relief. Enkelte fossefall. Noko død ved. Fattig vegetasjon og ordinære vegetasjonstypar. Samla vurdert har naturtypen lokal verdi.



Figur 15. Naturtype bekkekløft i Trontveitåa



**Figur 16. Bekkekløft i Trontveitåa. Foto Anne Nylend.**

#### **4.4.2 Karplantar, mosar og lav**

I den bratte sørvendte sida mot juvet er det notert nokre få kravfulle artar. Det er lundgrønaks, hengeaks, fingerstorr, markjordbær og brunrot. Her finst også litt hassel, som er det einaste varmekjære treslaget som blei registrert. På både sider av bekkekløfta er det innslag av eldre tre, men der det har vore mogleg å kome til med vinsj er det hogge, truleg for rundt 30 år sidan. Nå er det mykje yngre blandingsskog av gran og bjørk som rår grunnen. Delar av nordsida er også gjerda inn som sauebeite. På sørsvida er det i dei brattaste delane eldre granskog med nokre fuktrevjande mosar. Dei mosane som dominerer sjølve bekkeløpet er elvetrappemose, stripefoldmose og flikvårmose. Dei er alle karakteristiske for surt vatn. På stammar av rogn og på grankvistar er det mykje krusgullhette, og på rogn er det også innslag av lungenever. Krusgullhette vil gjerne ha det noko fuktig, medan lungenever blir nytta som indikator på stabile fukt og lystilhøve.

#### **4.4.3 Fugl og pattedyr**


Området ligg nedanfor grensa for Våmur-Roan villreinområde, som her har går ned til 600 moh. Det blir drive elgjakt, og det er også innslag av rådyr og hjort i området. Det er ikkje registrert noko spesielt viktig viltområde. Det er funne eit fossekallreir og elva kan kanskje også vera hekkeplass for vintererle.




**Figur 17. Bergvegg med fossekallreir, ca 100 m ovanfor eksisterande kraftverksinntak. Foto Helge Kiland**



**Figur 18. Frå inngangen til bekkekløft, sett nedantil. Foto Helge Kiland.**





Figur 19. Frå delar av bekkekløfta. Foto Helge Kiland.

#### 4.5 Akvatisk miljø

Det akvatiske miljøet er ikkje spesielt undersøkt. Elva har vore fisketom på grunn av sur nedbør, men har enkelte djupe kulpas der fisken kan stå. Det finst aure i elva, men elva synes ikkje å vera noko spesielt god fiskeelv. Fisk kan gå opp til området med den planlagde kraftstasjonen, men det er fleire andre elvar som nok er viktigare som gyeelvar for fisken i Nisser. I Vann-nett er elva typifisert som lita, kalkfattig og klar. Den økologiske statusen er karakterisert som moderat på grunn av manglande data og påverking frå sur nedbør. Den kjemiske tilstanden er ikkje målt. Elva er ikkje sterkt modifisert. Det er i nyare tid ikkje registrert elvemusling i Arendalsvassdraget. Førekomsten av ål er därleg kartlagt, men det er ikkje kjent at det finst ål så langt opp som til Nisser og Fyresvatn i dag. Derfor kan ein også sjå bort i frå at det finst elvemusling og ål i Trontveitåa.

#### 4.6 Konklusjon – Verdi

Trontveitåa inneheld naturtypen bekkekløft, av lokal verdi. Ingen raudlisteartar er påvist. Lokaliteten er også ei nær truga naturtype, sidan dette kan reknast som ei skogsbekkekløft i eit kontinentalt klima. Lokaliteten kan derfor ha eit artsinventar som står i kontrast til naturen elles i området.

Samla vurdering gjev liten/middels verdi for biologisk mangfold.


Verdivurdering		
Liten	Middels	Stor
----- -----	▲	

Avgrensa naturtype «Trontveitåa» har lokal verdi som naturtype.


## 5 Verknader av tiltaket

### 5.1 Omfang og konsekvens

Tiltaket vil gi redusert vassføring fra inntaksdammen og ned til kraftstasjonen. Nedbørfeltet nedanfor inntaket er ca 0,59 km<sup>2</sup>. Årlig avrenning er her ca 16 l/s/km<sup>2</sup> (NVE Atlas). Bidraget fra den uregulerte delen av nedbørfeltet (restvassføringa) blir derfor snaue 10 l/s. Korleis vassføringa vil variere vil i tillegg til minstevassføring vera avhengig av avrenningsmønster og slukeevne i kraftstasjonen. Vest-Telemark kraftlag ønskjer å ha 13 l/s som minstevassføring og samanliknar Trontveitåa med Støyldalen kraftverk.



Figur 20. Plott som viser middel, median og minimumsvassføring i Støyldalen kraftverk. Frå skjema for dokumentasjon av hydrologiske tilhøve ved konsesjonsplikt. Skagerak Kraft.



**Figur 21.** Plott som viser vassføringar i Støyldalen kraftverk før og etter utbygging, normalt år. Frå skjema for dokumentasjon av hydrologiske tilhøve. Skagerak Kraft, vedlegg til konsesjonssøknad for Støyldalen kraftverk.

Støyldalen kraftverk ligg i nabovassdraget Håtvæitåa og har eit nedbørfelt på ca 15,5 km<sup>2</sup>. Dei hydrologiske vurderingane er her basert på målestasjon i Kilåi og kan i stor grad overførast til Trontveitåa. Nokre hydrologiske data for Støyldalen kraftverk er sett opp i tabell 3.

**Tabell 3.** Nokre hydrologiske data for Støyldalen kraftverk og Trontveitåa.

	Støyldalen kraftverk	Trontveitåa
Nedbørfelt, kvkm	15,5	14,57
Gjennomsitts vassføring, l/s ved inntak	410	392
Restnedbørfelt, frå LAVVANN, kvkm		0,59
Tilsig frå restfeltet, l/s		10
Alminneleg lågvassføring l/s	13	12
5-persentil sommar l/s	7	
5-persentil vinter l/s	34	
5-persentil år l/s	17	
Vassføring > største slukeevne, dagar i normalår	29	
Vassføring < minstevassføring + lågaste driftsvassføring, dagar i normalår	116	

Rørgata vil bli ca 1,6 km lang og normal anleggsbreidde ved nedgraving vil vera ca 20 m. Det er bra med lausmassar i den traseen som er valt, og sidan store delar av traseen også følgjer skogsbilveg og dyrka mark ligg tilhøva godt til rette for at rørgata kan bli godt gjøymt.



**Figur 4.** Frå rørgatetraseen. Oppe til venstre bilvegen som rørgata blir graven ned i, oppe til høgre gjeng rørgata over i ryddebelte for eksisterande kraftline og under frå jorda på Trontveit og Garden, der rørgata også vil bli lagt. Foto Helge Kiland.

## 5.2 Biologisk mangfald


Verknadene for biologisk mangfald er vurdert som middels negative. Det er vesentleg botndyrfaunaen og eventuelt fisk som blir negativt påverka. Det er påvist reir av fossekall i elva, og for fossekallen er vassføring eit vesentleg vern mot predatorar.

Fisk og andre organismar som lever nede i elva vil bli negativt påverka av redusert vassføring, først og fremst ved at det vassdekte arealet blir mindre, men også ved at redusert stryk og vassdjup gjev mindre vern. Dette vil særleg gå ut over større fisk. Det er venta at artsinventaret vil vera bevart, men at fordelinga både mellom artar og delar av elva vil endre seg.

Omfang av tiltaket				
Stort neg.	Middels neg.	Lite / ingen	Middels pos.	Stort pos.
----- ----- ----- ----- -----				



For naturtypen bekkekløft vil den negative verknaden av tiltaket vera redusert vassføring. For å kome fram til den samla konsekvensen av tiltaket brukar ein den såkalla "konsekvensviften" frå handbok V712 (Statens vegvesen 2014). På den måten kjem tiltaket ut med middels negativ konsekvens (figur 20).



Figur 23. Konsekvensvifta. Frå Statens vegvesen (2014)

### 5.3 Kulturminne

Det er ikkje funne spor etter kulturminne knytte til eldre utnytting av vassdraget. Den planlagde inntaksdammen og kraftstasjonen vil ikkje berøre eventuelle kulturminne. Det er heller ikkje registrert viktige kulturminne knytte til jordbrukslandskapet som rørgata vil gå

igjennom. I Askeladden eller andre databasar for kulturminne er det ikke registrert fornminne på Trontveit, men med gammal busetnad kan det vera kulturminne som ligg gøymt i jorda.

## 5.4 Oppsummering

<b>Generell skildring av situasjonen med eigenskapar og kvalitet</b>	<b>i) Vurdering av verdi</b>
<p>Trontveitåa, i Nissedal kommune, Telemark fylke kjem frå Åkretjønna på Fjone og renn ut i Nisser. Det finst eit minikraftverk i elva frå før, men det vil bli nedlagt dersom det blir bygd eit nytt kraftverk. Det nye kraftverket vil produsere 3,77 GWh, mot 0,57 GWh i det gamle kraftverket. Det er registrert naturtypen "bekkekløft og bergvegg" etter DN-handbok 13. Naturtypen er vurdert som lokalt viktig.</p> <p>Det er ikkje påvist raudlistearter i området. Det finst aure i elva.</p> <p><b>Datagrunnlag:</b> Eige feltarbeid gjennomført 15.8.2012 og 2.8.2017, samt synfaring gjennomført av kollega Anne Nyland 21.10.2010. Det er i tillegg søkt på nettet i tilgjengelege databasar og kjelder.</p>	<p>Liten Middels Stor  ----- -----  ▲</p> <p><b>Godt</b></p>
<b>ii) Skildring og vurdering av moglege verknader og potensial for konflikt</b>	<b>iii) Samla vurdering</b>
<p>Det er planlagt å nytte fallet på 200 m frå kote 451 til kote 251. Vatnet vil bli overført i ei ca 1600 m lang rørgate som blir graven ned på nordsida av åa. Mykje av rørgata vil bli graven ned i eksisterande skogsbilveg, traktorveg og gjennom dyrka mark. For å kome fram til inntaksdammen vil ein kunne nytte eksisterande vegar i tillegg til ei mindre forlenging av vegen fram til damstaden. Fram til kraftstasjonen vil det bli bygd ein ca 200 m lang veg frå gardsvegen til Trontveit. Det vil vera nødvendig med ca 200 m med jordkabel for å kunne kople seg til 22 kV linennett</p> <p>Tiltaket vil gi vesentleg redusert vassføring i vassdraget over ei lengde på 1600 m. Det vil vidare bli nokre inngrep i marka etter rørgate, inntaksdam, vei, el-kabel og kraftstasjon. Mykje av dette vil raskt bli lite synleg.</p> <p>Ei registrert bekkekløft vil bli negativt påverka ved at vassmengda gjennom kløfta mesteparten av året vil bli vesentleg redusert. Det vil kunne gi därlegare vilkår særleg for enkelte fuktkrevjande mosar.</p> <p>Redusert vassføring vil vera negativt for fisk og enkelte virvellause dyr som lever i elva. Det er påvist fossekallreir.</p> <p>Den samla verknaden for biologisk mangfald er vurdert som liten/middels negativ. Ut frå dette meiner ein tiltaket vil ha liten/middels negativ konsekvens for biologisk mangfald og verneinteresser.</p> <p><b>Omfang:</b> Svært neg. Middels neg. Lite/ingen Middels pos. Svært pos.  ----- ----- ----- -----  ▲</p>	<p><b>Middels negativ konsekvens</b></p>

## 6 Avbøtande tiltak

Det ligg godt til rette for at rørgata vil kunne bli godt gjøymt i terrenget og gro raskt igjen. I rørgatetraseen må arealet så raskt som råd først tilbake til veg, innmark og skogsmark. Det viktigaste tiltaket på sikt vil vera slepp av minstevassføring. Minstevassføringa bør tilpassast den naturlege rytmen i vassdraget.

Restnedbørfeltet er  $0,59 \text{ km}^2$  og restvassføringa nede ved utløpet av kraftstasjonen er rekna til 10 l/s. Alminneleg lågvassføring er på grunnlag av konsesjonssøknaden for Støyldalen kraftverk vurdert til 12 l/s. VTK sitt framlegg til minstevassføring er 13 l/s heile året, som er bare 3,3 % av middelvassføring. Saman med restvassføring vil vassføringa nede ved kraftstasjonen vera bare ca 5,8 % av middelvassføringa. Vassføringskurvene for Støyldalen kraftverk viser at 5 persentil vinter er vesentleg høgare enn 5 persentil sommar. For livet i elva er det likevel viktigare med nok vatn om sommaren.

## 7 Uvisse

### Registreringar og vurderingsgrunnlag

Fisk og botndyrfaunaen er ikkje undersøkt, men ein må gå ut i frå at botndyrfaunaen er nokså lik den ein finn i til dømes Håtvéitåa. Berggrunn, eksposisjon og topografi er nokså likt det som finst i Den vonde dalen, som blei undersøkt i Bekkekløftprosjektet (Klepsland 2008) og floraen vil derfor også vera nokså lik. Hydrologien i vassdraget er vurdert ut frå den hydrologiske rapporten for Håtvéitåa med Støyldalen kraftverk, som er nabofelt til Trontveitåa og som kan reknast å ha tilsvarende avrenning. Det eksisterande kraftverket i Trontveitåa har ikkje pålegg om minstevassføring, men utnyttar nok bare ein mindre del av vatnet i åa. Det hydrologiske grunnlagsmaterialet har vanlegvis ein feilmargin på +/- 20 %.

### Vurderingar

Minstevassføringa skal vurderast ut i frå det naturlege hydrologiske regimet i vassdraget og det biologiske behovet i elva. Den delen av det biologiske mangfaldet som er særleg relatert til vassføring synes ikkje å vera spesielt stort, men det må sikrast nok vatn i produksjonssesongen for fisk og andre vasslevande artar. Utan inntrykk av kor stor elva vil vera på ulike vassføringar er det usikkert korleis den valde minstevassføringa vil fungere.

## 8 Kjelder

- Direktoratet for naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11-1996 (revidert 2000).
- Direktoratet for naturforvaltning 2000. Kartlegging av ferskvannslokaliteter. DN-håndbok 15-2000. ISBN-nr: 82-7072-383-5.
- Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2006, oppdatert 2007.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. – NINA Temahefte 12: 1-279.
- Henriksen S og Hilmo O (2015). Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken. Lasta ned 10.7.2016.
- Klepsland, J. 2008. Den Vonde Dalen. Bekkekløftprosjektet/Lokalitetsdatabase for skogområder, <http://borchbio.no/narin/>
- Korbøl, A., Kjellevold, D. & Selboe, O-K. 2009. Veileder nr 3/2009. Kartlegging og dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1-10 MW) – revisert utgave. ISSN: 1501-0678. Norges vassdrags- og energidirektorat. 15 s + vedlegg.
- Puschmann, O. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS-rapport 10/2005.
- Statens vegvesen 2014. Konsekvensanalyser. Handbok V712, versjon 11. <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>.

### **Databasar:**

- Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>
- Artsobservasjoner: [www.artobservasjoner.no](http://www.artobservasjoner.no)
- Berggrunn og lausmassar: <http://geo.ngu.no/kart/arealis/>
- Lokalitetsdatabase for skogområder: <http://borchbio.no/narin/>
- Naturbase: [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)
- Kulturminne: [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

Tabell 4. Artsliste 2.8.2017 Lokalitet 32V 470021 6550192 Trontveitåa


Scientific Name	Norwegian Name	Status
<i>Homalia trichomanoides</i>	Glansmose	LC
<i>Dicranodontium denudatum</i>	Fleinljåmose	LC
<i>Rhytidadelphus loreus</i>	Kystkransemose	LC
<i>Plagiochila asplenoides</i>	Prakthinnemose	LC
<i>Dicranum majus</i>	Blanksigd	LC
<i>Diplophyllum albicans</i>	Stripefoldmose	LC
<i>Mnium hornum</i>	Kysttornemose	LC
<i>Bazzania trilobata</i>	Storstylte	LC
<i>Ptilidium ciliare</i>	bakkefrynse	LC
<i>Chiloscyphus pallescens</i>	Bleikblonde	LC
<i>Jungermannia obovata</i>	Sprikesleivmose	LC
<i>Pellia epiphylla</i>	Flikvårmose	LC
<i>Polytrichum commune</i>	Bjørnemose	LC
<i>Nardia compressa</i>	Elvetrappemose	LC
<i>Amphidium mougeotii</i>	Bergpolstermose	LC
<i>Ulota crispa</i>	Krusgullhette	LC
<i>Hylocomium splendens</i>	Etasjemose	LC
<i>Ptilium crista-castrensis</i>	Fjørnmose	LC
<i>Pleurozium schreberi</i>	Furumose	LC
<i>Rhizomnium punctatum</i>	Bekkerundmose	LC
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	LC
<i>Plagiothecium undulatum</i>	Kystjamnemose	LC

# Vedlegg 5

## Trontveitåa kraftverk. Eigedomar og eigarar

Gnr/ Bnr	Eigar	H.o.h (m)	Høgde (m)	Av side	Av total	Avtale
<b>Søndre side:</b>						
20/2	Ragnar Aarak	451	7	3,4 %	1,7 %	Ja, VTK har kjøpt fallet
20/5	Ragnar Aarak	444	22	10,8 %	5,4 %	Ja, VTK har kjøpt fallet
20/14	John Olav Fjalestad	422	24	11,8 %	5,9 %	Ja, VTK har evigvarande leigeavtale
20/2	Ragnar Aarak	398	97	47,5 %	23,8 %	Ja, VTK har kjøpt fallet
20/27	VTK	301	2	1,0 %	0,5 %	VTK har full eigedomsrett
20/2	Ragnar Aarak	299	1	0,5 %	0,2 %	Ja, VTK har kjøpt fallet
20/1	Jan Aarak	298	51	25,0 %	12,5 %	Ja, VTK har kjøpt fallet
	<i>Nisser HRV</i>	247				
	<b>Sum:</b>		204	100 %	50 %	
<b>Nordre side:</b>						
20/2	Ragnar Aarak	451	150	73,5 %	36,8 %	Ja, VTK har kjøpt fallet
20/27	VTK	301	2	1,0 %	0,5 %	VTK har full eigedomsrett
20/2	Ragnar Aarak	299	1	0,5 %	0,2 %	Ja, VTK har kjøpt fallet
20/14	John Olav Fjalestad	298	51	25,0 %	12,5 %	Ja, VTK har evigvarande leigeavtale
	<i>Nisser HRV</i>	247				
	<b>Sum:</b>		204	100 %	50 %	
				<u>100 %</u>		

# Vedlegg 6



**Vest-Telemark Kraftlag AS**

**TEKNISK/ØKONOMISK VURDERING.**

**Vest-Telemark Kraftlag AS**

Kraftverkets navn: *Trontveitåa*  
Kommune: *Nissedal*

**TOPOGRAFISK/HYDROLOGISK GRUNNLAG**

Inntaksdam	moh	445
Turbin	moh	251
Nedslagsfelt	km2	13,93
Tilsig prosjektert	l/s/km2	26,0
Rørdiameter (innvendig)	cm	60
<b>ANDRE FØRESETNADER</b>		
Totalverknadsgrad		88 %
Vasstap		30 %
Dimensjonerande slukeevne	faktor	2,16
<b>BEREKNA STORLEIKAR</b>		
Fallhøgde	m	194
Middeltilsig	l/s	362
Slukeevne (max)	l/s	781
Vasshastighet i rør (max)	m/s	2,76
Effekt generator (max)	kW	1300
Årsproduksjon	GWh	3,72

*fw 10/5 -17*

# Vest-Tellemark Kraftlag AS

## TEKNISK/ØKONOMISK VURDERING.

Kraftverkets navn: TRONTVEITÅA (1300 kW)

*Joh* 10/5-17

Kostnader (i 1000 kr), Prisnivå 2017:		eining	Mengde	Einingskost	Kostnad
Bygg:		STK	1	1500000	1500000
Inntakskonstruksjon		STK	1	3250000	3250000
Kraftstasjon					
Rørgate nedgraven ( 1,5 m djup)		METER	800	2500	2000000
kombinert jord/fjellgrøft		METER	800	1685	1348000
jordgrøft		STK	1	100000	100000
Veg til kraftverket m. m.					
	Sum bygg:				8 198 000
Maskin/ Elektro:					
Elmekpakke komplett		STK	1	5250000	5 250 000
Taie med løpekatt 6 tonn		STK	1	110000	110 000
Rør (GRP rør )		METER	1600	1000	1 600 000
-montasje 20 % tillegg		METER	1600	250	400 000
Elektro:		METER	600	700	420 000
Nettanlegg (tilkopling til VTK-nettet)					
	Sum elektro og maskin:				7 780 000
Bygg, elektro og maskin (Prisnivå 2017):					15 978 000
Uforutsett				15 %	2 396 700
<b>BYGGEKOSTNAD:</b>					<b>18 374 700</b>
	Utbyggingspris (kr/kWh år):				4,94



Vann-Nett

[Kart](#)[Faktaark vannforekomst](#)[Faktaark område](#)[Rapporter](#)[Om vann-nett](#)[Nyheter](#)

Vannforekomst: 019-548-R Dato: 07.02.2017

[Vis sammandrag](#)

## Trontveitåni, regulert

### Risikovurdering

Risiko for miljømålet ikke nås innen 2021

Risiko

#### Tilstand

#### Pålitelighetsgrad

#### Klassifisering

Økologisk tilstand

Lav

Antatt moderat

Kjemisk tilstand

Ingen informasjon

Udefinert

#### Miljømål


#### Økologisk

#### Kjemisk

God

Udefinert

Unntak for miljømål: §9:Utsatt frist av tekniske årsaker



### Forventet økologisk og kjemisk tilstand (naturlig)

2022-2027

2028-2033

### Hydrologisk og administrativ informasjon

Vannforekomstnavn	Trontveitåni, regulert	Vannregionmyndighet	Agder
VannforekomstID	019-548-R	Vannregion	Agder
Vannkategori	Elv	Vannområde	Nidelva
Vanntype	Middels, svært kalkfattig, klar (TOC2-5)	Fylker	Telemark
Lengde (km)	2,14	Kommuner	Nissedal
Areal av vannforekomstens nedbørfelt	0.00	Vassdragsområde	019
Nedbørsfelt	Trontveitåni, regulert	Lengdegrad	
		Breddegrad	

### Kvalitetselementer

	Tilstand	Gyldig parameter	Kommentar
Økologisk tilstand			
Kjemisk tilstand			

## Påvirkninger

	Påvirkningsgrad	Miljøeffekt av påvirkninger	Kommentar
<b>Andre påvirkninger</b>			
<b>Biologisk påvirkning</b>			
<b>Forurensning</b>			
Langtransportert forurensning			
Sur nedbør	Middels grad	Forsuring	
<b>Fysiske inngrep</b>			

## Tiltak

### Tiltak på vannforekomsten

Tiltak ID	Tiltaksnavn	Utføres	Tiltakstype	Påvirkning	Unntak
5103-228-M	Tiltak mot sur nedbør	✓	Internasjonale avtaler	Sur nedbør	(1)

## Vanntype


### Vanntypeinndeling

	Verdi
Vanntype elv	Middels, svært kalkfattig, klar (TOC2-5)
VanntypeID	RSM2111
Nasjonal vanntype	13
Vannkategori	Elv
Økoregion	Sørlandet
Klimasone	Middels(200-800moh.)
Nedbørfelt i km <sup>2</sup>	Middels (10 - 100 km <sup>2</sup> )
Kalsium og alkalinitet	Svært kalkfattig (Ca < 1mg/l, Alk < 0.05 mekv/l)
Humus	Klare (< 30 mg PVL, TOC 2 - 5 mg/L)
Turbiditet	Klare (STS < 10 mg/L (organisk andel minst 80%)

Vie sammandrag


## GEO DATA





# Kartutsnitt fra NVE Atlas

# Vedlegg 10



# Vedlegg 11

Bilete 1



Bilete 2





Bilete 3

Fjellskrent i Trontveitåa. Foto Faun 2.8.2017



Bilete 4

Krusgullhette. Foto Faun 2.8.2017



Bilete 5



Bilete 6



Bilete 7

Trontveitåa ved planlagt inntak. Foto A. Ofte 7.7.2017



Bilete 8

Trontveitåa ved kraftstasjon. Foto A. Ofte 7.7.2017